



Osterøy Ferjeselskap AS  
Pb 100  
5291 VALESTRANDSFOSEN

Dato: 25.11.2016  
Vår ref.: 2016/5238-6  
Saksbehandlar: rolrose  
Dykkar ref.:

## Søknad om tilskot - vedtak i fylkesutvalet

Me syner til brev av 25.05.2016 der de søker om tilskot til drifta av sambandet Breistein-Valestrand. Fylkesutvalet handsama søknaden på møte den 16. november og fatta slikt vedtak:

*«Fylkesutvalet finn ikkje å kunna løyva tilskot til drift av sambandet Breistein-Valestrand i 2016.»*

Vedlagt følgjer fylkesrådmannen si saksutgreiing.

Fylkesutvalet vedtok vidare slik oversending til fylkesrådmannen.

*«Fylkesutvalet ber om at det kjem sak om pilotprosjekt for eit miljøprosjekt knytt til hydrogenferje Valestrand-Breistein og korleis dette kan gå inn i eit offentleg forskning og utviklingsprosjekt.»*

I same møte handsama fylkesutvalet budsjettet for 2017. Det vart då sett av 1,0 mill kr til forprosjekt for miljøteknologi for sambandet Breisten-Valestrand. Endeleg budsjettvedtak vert fatta av fylkestinget den 13.-14. desember.

Rolf Rosenlund

seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*